
Vår referanse 2021/83-2
Dato 26.01.2021

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale til begrensa høyring - Søknad om mindre planendring - Frekhaug senter/vest - planID 125619951011 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune ved avdeling infrastruktur og veg syner til brev motteke 22.12.2020 der de ber om uttale til begrensa høyring.

Kva sak gjeld

Alver kommune har motteke søknad om mindre planendring av detaljreguleringsplan for Frekhaug senter/vest, planID 125619951011 etter forenkla prosess.

Hovudføremålet med endringa er å gjera om delar av eit unytta friareal på tomt 323/110 til bustadtomt for oppføring av ein tomannsbustad. Saka er sendt på høyring til berørte partar.

Uttale

Vi rår ifrå å godkjenne forslag til planendring slik det framkjem i søknaden. Vi ynskjer ikkje at planen skal legge til rette for meir bustadbygging ettersom planen ikkje stiller rekkefølgjekrav til opparbeidning av trygg skuleveg til nærmeste skule. Dersom planendringa medfører innarbeidning av eit slikt rekkefølgjekrav i planen, kan vi stille oss positive til at friarealet omdisponerast til område for bustadbygging.

Vi ber om å få saka til klagebehandling når ho er ferdig handsama

Med helsing

Hege Løtveit
leiar

Silje Svanevik-Røren
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskrivne underskrift